

Køyrde av vegen -

■ Bilen stupte i elva ■ Kom seg ut, vassa i land ■ Tiltalt og frifunnen

Først kjempa han for livet i ein druknande bil. Så kjempa han mot påtalemakta framfor ein måpande tingrett.

Olav J. Bøthun
oje@hallingdolen.no

Då Asbjørn Moen like før jul i fjor våt og uskadd kraup på land frå den iskalde Soknedalselva på Ringerike, var han ei dramatisk oppleving rikare, og ein bil fattigare. Moen bur til dagleg i Oslo. Han har hytte og slekt i Hovet, og er kjent for å tole ein støyt. Men denne gongen gjekk det på tolmodet laust. Moen var ikkje meir enn komen trygt på land att før politiet tok frå han førarkortet. Nokre veker seinare vart han stilt for retten.

– Det var verre enn ulykka, ler Moen som i dag har fått tilbake førarkortet, og på ny kan køyre trygt. Han glumsar og ler, først og fremst fordi retten frifann Moen på alle vesentlege punkt, men også fordi at han måtte for retten. Kva var det eigentleg som hadde skjedd?

Vegtrafikklova

Jo, påtalemakta hadde si heilt bestemte oppfatning av hendinga. Den gjekk først og fremst ut på at Moen hadde brote vegtrafikklova på fleire punkt. Politiet tok ikkje omsyn til at han hadde halde snigle fart då han plutselig mista veggrep, og meinte tydelegvis at han burde ha «k-ø-y-r-t e-n-d-å s-a-k-t-a-r-e» på den salta veggstrekninga.

Nysalta veg

Tiltalen i Ringerike tingrett gjekk ut på at han, den aktuelle kvelden, 10. desember i fjor, ikkje hadde avpassa farten etter forholda på Rv7. Asbjørn Moen meiner å dokumetere at han ikkje heldt meir enn 50-60 kilometer i timen då bilen gleid ut. Fartsgrensa på staden er 80 km/t. I løpet av saka kom det fram at underlaget på den nyleg salta vegen var vanskeleg å køyre på. Moen hadde støtte frå fagekspertar som grunn gav kvifor salting kan gi slike utslag under bestemte vêrforhold. Det vart stadfest for dommarane at vegen stort sett hadde tilfredsstillande veggrep, bortsett frå den staden der Moen køyrde ut. Der var det spegelglatt. I dommen heiter det: «Imidlertid kan det ikke utelukkkes at årsaken til ulykken var at det var spesielt og upåregnelig glatt der ulykken fant sted, noe som kan ha skyldtes at det kort tid forut for ulykken hadde blitt saltet på veien.»

Dommarane fann difor det ikkje rimeleg å legge skulda på bilføraren. Retten fann like stor grunn til å legge ansvaret på vegvedlikehaldet, ved at det var «spesielt og upåregnelig glatt» der ulykka fann stad.



Asbjørn Moen: «E tenkte no får du berre gjera det du

Ulykka skjedde på kvelden laurdag 10. desember i fjor, der Rv7 snirklar seg på det verste fram mot Ramsrudhellingane.

– Eg hadde ikkje hatt sleng på bilen på mange år, eg, då dette plutselig skjedde. I etterkant kan eg nok seie at eg reagerte litt feil. Eg gjorde som ein gjorde det i gamle dagar med bakhjulsdrift, hadde inn kløtsjen, og heldt meg unna bremsepeda-

len. Og så gjorde eg nok nokon kast med rattet. Men eg fekk ingen kontakt med underlaget, før bilen plutselig fekk grep, og stakk rett ut til venstre.

Bilen «stakk» ikkje berre rett ut. Han pløgde seg gjennom snøen, velta utover ein 8-10 meter høg hamar og stupte rett i elva med fronten først. Moen skildrar det i nesten lyriske ordelag som ei underleg, mjuk oppleving som han ikkje hadde styring på. Snøen vart kasta over bilen, før han gjekk over i svev, og dukka djupt under i elva. Bilen vart liggande

opp ned i vatnet. Lyset frå hovudlyktene sveipa framleis over elvebotnen medan bilen flaut med elva ein 50-60 meter for han skubba mot grunnen.

Flygande mare

– Sjølve turen ned i elva var jo heilt eventyrleg, eigentleg. Eg fekk ikkje eit slag mot bilen. Han sveva mot elva som ei flygande mare. Då han slo i mot vassflata, vart det som å lande i ei dundyne, og eg kjende eg flaut. Alt stod på hovudet, det var bek mørkt der inne, og det kom inn mykje vatn. Då tenkte

eg med meg sjølv at «no får du berre gjera det du ska gjera», så eg fekk av meg bilbeltet, og dukka ned for å opne sideruta. Eg fekk først til ein opning på rundt 20 centi, var oppe att og saug luft, så dukka eg ned ein gong til, fekk ruta endå litt meir opp, og greidde å manipulere meg ut. Det heile gjekk veldig greitt. Eg har vore med på ganske mykje opp gjennom åra, og det var nok årsaka til at eg tok det så kuli. Eg har alltid elska å symje over stride elvar, blant anna like ovanfor Rhinsfalla i Sveits, og eg har utfordra Gud-

stilt for retten



For retten: Etter å ha berga livet på ein iskald måte, valde politiet å tiltale Asbjørn Moen for aktaus kjøring. Han vart stilt for retten, men frifunnen. Årsak: Veggen var salta, og difor vanskelegare å køyre på enn ein kan frykte. (Teikning: Ola Bersvein Klåpbakken)

brandsdalslågen ein fløymande 18. mai. Så eg tenkte ikkje i det heile på at dette var kritisk, fortel han.

Det var andre bilistar som såg bilen til Moen forsvinne. Difor kom bergingsmannskapa raskt på staden. Han vart møtt av ein politimann då han var komen på land. Han fekk tørre klede, og vart køyrt til Ringerike sjukehus der han overnatta.

– Men eg hadde ikkje ei skramme, eg, seier han. – Så dagen etter var eg ute att. Men førarkortet hadde eg ikkje. Det vart eg utan i fleire månader. Og det var ganske irriterande.

Det er først når Moen blir spurd om korleis han opplevde etterspelet med inndraging av førarkort og rettssak at han begynnar å bli kjenslemessig engsjert.

Parodi

– Eg forstod ikkje kva eg hadde gjort gale. Og det var det nok få andre også som gjorde, for eg har ei kjensle av at både retten og politiet på Ringerike helst hadde sett at dette ikkje vart noko sak. Men no var det iallfall bestemt. Eg var innom byretten i Oslo også i samband med saka. «Hva er det egentlig du har gjort galt?»,

spurte dei der. I retten var eg heller ikkje imponert over kva aktoren hadde å koma med. Det heile vart ein parodi. «Det ble vel en nifs opplevelse», ville aktor vite. «Det er verre dette her», sa eg.

– Det er jo heilt håplaut å tenke på kva denne rettssaka trass alt kosta av tid og pengar, legg Moen til. – Der sat det dommar og meddommarar og greier. Her var det aktor, og eg hadde til og med ein høgsterettsadvokat som forsvarar. Men det var heilt tydeleg at aktor hadde bestemt seg for at her hadde eg køyrt aktaust. I ettertid kan ein le litt, men eg var jo utan førarkort i over tre må-



Felt av salt: Asbjørn Moen (75) kom til slutt heilskinna frå både utforkøyring og oppgjeret med rettsvesenet. Det var saltet si skuld at han gleid av vegen.

Verst var det med «forerme» til sonen

Etter at me hadde intervjuja han på telefonen, kom det ein epost frå Asbjørn Moen som set saka i endå eit perspektiv:

«Hei! Kom til å tenkji på at det minst komiske ved heile greia var at me hadde bestilt perleforerma til hallingbunaden has Anders (sonn).

Desse fann eg på at eg skulde gjera vel å hente «personleg» hjå Randi Dalen i Hovet. Eg var altso på veg ned te byen att då dette hende. Det eineste eg tenkte på då eg kom meg opp or vatne var koss det kom te å gå med forerme.

Dessverre vorto dei burte i ån, dei voro tung tå perlu so dei sokko antagle ganske fort. Det måtte bestillas nye forerma.

So den sørgji er sløkt.»

nader, og hadde i det heile mykje bry. Det vart jo heilt absurd for meg at eg måtte stille i retten. Så den dagen eg fekk brevet om frifinninga ringde eg med det same, og sa at eg ville ha att lappen «sporen streks». Og etter ein liten runde i andre enden av tråden kom det raskt for ein dag at det ikkje ville bli aktuelt for påtalemakta å anke. Og takk for det.

– Er det noko du kunne gjort annleis?
I ettertid kan ein vel seie at det hadde vore på sin plass med ein betre avklarande runde før heile rettsapparatet vart sett i gang, seier Asbjørn Moen.

Leirskule ut av budsjettet

Leirskulen er i faresona på Gol-budsjettet. Utval for kultur og levekår ber om 4,3 millionar kroner ekstra til omsorgsavdelinga.

Torbjørn Gunhildgard

tg@hallingdolen.no

Budsjettprosessen i Gol kommune er godt i gang. Hovudutvala har lagt fram sine forslag og prioriteringar, og ordføraren skal sy dei saman til eit samla budsjettframlegg som skal til behandling i formannskapet 23. november. Sluttbehandlinga skjer i kommunestyret 12. desember.

Leirskulen ut

Leirskuleopphald i grunnskulen er ein av budsjettpostane som er i faresona på grunn av trong økonomi. Utval for kultur og levekår (UKL) foreslår å ta ut leirskule frå budsjettet frå 2008 og i staden gje større ressursar til ekskursjonar.

Gol har 95.000 kroner til leirskule på årets budsjett og vil vidareføre tilskotet neste år. UKL ber skulane vurdere «friskliv» opp mot andre behov, men let budsjettposten stå inne i 2007. UKL meiner auka timeressurs i grunnskulen bør ha høg prioritet

Eit forslag frå Øystein Falmår (Ap) om å leggje inn 200.000 kroner til skuletur til Polen, fall mot ei røyst.

4,3 mill. ekstra

Utval for kultur og levekår har eit brutto driftsbudsjett på rundt 160 millionar kroner der 43 millionar blir dekt av egne midlar. Vidareføring av dagens drift er målsetjinga med omprioriteringar frå inneverande budsjett på ein knapp million.

UKL ber om ekstraløyvingar på 4,3 millionar kroner neste år fordi dei ikkje greier å finne dekning på sitt eige budsjett. Ekstraløyvingane skal gå til å dekkje store behov i omsorgsavdelinga. Største ekstrapostane er 1,2 millionar til omsorg for ein person i annan kommune, 1,3 millionar til bemanning i to nye omsorgsbustader, og 1,6 millionar til nattevakt i Torstadvegen.

Breidokk og helsetunet

På investeringsida går UKL inn for utbygging ved Breidokk barnehage, finansiert ved lån og investeringstilskot. Vidare støttar sektorutvalet prioriterte investeringar i Gol Byggdrift KF og ber foretaket ta med rehabilitering av garasje på Glitrehaug og renovering av bautasteinar ved Tingstugu.

UKL ber administrasjonen vurdere flytting av psykiatribustader til eit omsorgskompleks i samband med at det blir bygd ny avdeling på helsetunet.